

Hella bedehus  
v/Steinar Vågenes  
Vågenesvegen 168  
5936 Manger  
e-post: [stevaa@online.no](mailto:stevaa@online.no)

Vågenes, 8. oktober 2016

Vedlegg til søknad om kulturmidlar, ref.nr.: EBVCY8

Aktivitetsklubben vart fram til i fjor driven ved hjelp av gåver og innsamla midlar til bedehuset, utan medlemspengar. Sidan vi sel lodd til den årlege basaren over heile Radøy, har bedehuset tidlegare kjøpt inn spel og materiell til ulike aktivitetar. Mange av klubbmedlemmene har begynt å feira fødselsdagen sin i «Klubben», noko som aukar slitasjen på utstyret. Då vi bestemte oss for å byggja eit lagerbygg, for å frigjera meir areal for Aktivitetsklubben inne i bedehuset, gjorde kostnaden med dette behovet for medlemspengar aktuelt. Dei oppførte medlemspengane for skuleåret 2015/16 er ikkje med i hovudrekneskapen for 2015, men vil koma med i 2016-rekneskapen. Kan også nemna at vi dei siste åra har betalt leiropphald for ein del av borna i Aktivitetsklubben, slik at ikkje familien sin økonomi skal halda dei borte frå ein «pustepause» om sommaren. Dette vil vi gjera neste år også, dersom vi har pengar til det.

Vennleg helsing

*Steinar Vågenes*

Vedlegg 2: Årsmelding

Vedlegg 3: Rekneskap